



: Åshild Sjøwall toppar framleis idrettsmerkestatistikken. (Foto Ola Matti Mathisen)

Ni kvinner og to menn klarte idrettsmerke-krava i fjor, går det fram av årsrapporten frå Idrettsmerkenemnda i Uskedal Idrettslag. Det er framleis leiaren, Åshild Sjøwall, som toppar statistikken. Ho har no avlagt prøve 49 gongar! Men Tordis Myklebust ligg ikkje langt etter, med 46 avlagte prøver.

Astrid Haugland og Aslaug Lyse har no nådd opp i 41.

Steinar Kroka, som toppar blant mennene, har no teke idrettsmerket 35 gonger og dermed har han gjort seg fortent til Hedersprisen.

Deretter kjem Vivik Rimestad med 28, Ingrid Kroka med 23, Sidsel Stigum og Kjersti Bråtun med 22 og Kurt Haugland og Edit Haugland med 18.

Det vart i fjor halde idrettsmerketaking på Heio fem gonger. I tillegg var det uthaldenheitsprøve, ei prøve i gong og to i løp.

Åshild Sjøwall har Kurt Haugland og Steinar Kroka med seg i nemda.

Av Ola Matti Mathisen